

NAV SETESDAL

Samarbeidsavtale mellom
NAV Bykle, NAV Valle, NAV Bygland, NAV
Evje og Hornnes, NAV Iveland og NAV Aust-
Agder

1. Samarbeidspartar

Samarbeidsavtalen for NAV Setesdal er inngått mellom Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Iveland kommune og Arbeids- og velferdsetaten i Aust-Agder. Samarbeidsavtalen gjeld etablering, drift og felles leing av lokalkontor i dei nemnde kommunane,

2. Formål

Samarbeidsavtalen blir inngått med heimel i lov om Arbeids- og velferdsforvaltinga, § 14. Føremålet med samarbeidsavtalen er, i samsvar med måla i Arbeids- og velferdsforvaltingslova og rammeavtale om arbeids- og velferdsforvalting mellom Arbeids- og inkluderingsdepartementet og KS, i fellesskap å arbeide for å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på stønad. Vidare at tenestene skal opplevast som enklare og vere tilpassa brukaren sine behov og at det utviklast ein heilskapleg og effektiv arbeids- og velferdsforvalting.

NAV Setesdal skal arbeide etter arbeids- og velferdsforvaltinga sin visjon "Vi gir mennesker muligheter". Det skal etableras gode løysingar for brukarane i Setesdal og som fremmer målet til reforma. Den lokale nærleik til brukaren skal ivaretakas samtidig som samarbeidet mellom NAV kontora i kommunane styrker kvaliteten på tenestetilbodet. Dette inneber utveksling av erfaringar, prosjektarbeid der ein legg innsats på å løyse beststemte oppgåver, utvikling av eit større og sterkare fagmiljø, nyttiggjering av ressurspersonar og hjelp og støtte ved vakansar, fråvær og periodar med ekstra arbeidsbelastning på enkelte områder.

Vi ønskjer å oppnå reforma sitt mål gjennom nyskapande samarbeid mellom dei 5 kommunane i Setesdal og NAV Aust-Agder.

Den einskilde kommune og staten er likeverdige samarbeidspartar som aktivt skal bidra til å skape eit godt arbeidsfellesskap. Saman skal samarbeidspartane skape eit velfungerande arbeids- og velferdskontor som står fram som ei eining for brukarane.

Avtalen er inngått mellom den einskilde kommune og NAV Aust-Agder og forplikter kommunen og NAV Aust-Agder.

3. Styring og leing av NAV Setesdal

Styring

Det er eit partnerskapmøte som består av rådmennene i kommunane og direktør for NAV Aust-Agder. Partnerskapsmøtet, eller den dei gjev fullmakt til, er NAV leiarens nærmaste overordna.

Det blir halde møte mellom rådmennene i dei fem kontora i Setesdal og direktør for Arbeids- og velferdsetaten ein gong i kvartalet, for å samordne overordna styringssignal for verksemda frå kommune og stat. Partnerskapet skal, i trå med dei styringssignala som er gitt, vedta felles plan for verksemda i regionen, foreta strategiske vurderingar med sikte på å utvikle kontora, sette resultatmål for leiar i NAV Setesdal, fylgje kontora med sikte på at det utviklast eit godt arbeidsmiljø.

Leining

Det er ein felles leiar for alle dei fem kontora i Setesdal. Leiaren har kontor på Evje.

Leiaren har det felles administrative og faglige ansvaret for alle delar av kontora si verksemd, jf. delegasjonsvedtak. Leiaren har ansvars- og styringslinjer til rådmenna i kommunane og NAV Aust-Agder v/direktør og forhold seg til desse partane.

Lokal leining

Ved kvart NAV kontor i kommunane skal det være ein avdelingsleiar. Stillinga lyses ut ved kvart NAV kontor. Leiar for NAV Setesdal har ansvar for tilsettingsprosessen etter gjeldane regelverk i den einskilde kommunen og i staten. Det skal være einighet mellom rådmannen og direktør NAV Aust-Agder om tilsettinga.

4. Kostnadsdeling

Lønnskostnader, løn og sosiale utgifter, til leiar av NAV i Setesdal fordelas etter prinsippet om rettferdig kostnadsdeling. Ein legg til grunn at kommunane og NAV Aust-Agder betaler ein halvpart kvar av lønnskostnadene. Fordeling mellom kommunane følgjer eigen fordelingsnøkkel.

5. Tilsettingsvilkår

NAV leiar tilsettes på statlege vilkår, og følgjer til eikvar tid reglar og avtalar som gjeld i Arbeids- og velferdsetaten. Dette gjeld også lønsendringar som følgje av forhandlingar. Medarbeidarar vert tilsett i stat eller kommune. Ved tilsetting i kommunale stillingar gjeld kommunalt regelverk og tilsettingsprosedyre og ved tilsetting i staten gjeld statleg regelverk og tilsettingsprosedyre.

6. Medavgjerd

Medavgjerd ved NAV kontora skal utøvas innanfor ramma av hovudavtalene. NAV Aust-Agder og kommunane vil leggje til rette for tenlege system for god samhandling og reell medavgjerd i kontoret.

7. Lokale mål- og resultatkrav

Leiar har ansvar for at det blir utarbeidd årleg verksemdsplan for NAV kontora i samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar. Verksemdsplana skal synleggjera dei lokale utfordringane, prioriteringar og satsingar. Rådmennene og direktør for NAV Aust-Agder foretek ei periodisk resultatgjennomgang etter ei tidsplan dei vert einige om.

Behovet for styringsinformasjon frå Arbeids- og velferdsetaten til kommunedelen i NAV Setesdal blir teke vare på gjennom å gi tilgang til statleg styringsinformasjon. Styringsinformasjon frå kommune til stat blir teke vare på gjennom å gi tilgang til den kommunale styringsinformasjonen.

8. Delegering

Fullmaktene til leiaren går fram av instruks og eige delegasjonsvetak.

Samarbeidspartane er samde om at statlig tilsette i Arbeids- og velferdsetaten kan utføre oppgåver på kommunanes fullmaktsområde. Nærmare omtale av kva oppgåver dette gjeld, går fram av delegasjonsvedtaket.

Samarbeidspartane er samde om at kommunalt tilsette i kommunane kan utføre oppgåver på Arbeids- og velferdsetaten sine fullmaktsområde. Nærmare omtale av kva oppgåver dette gjeld, går fram av delegasjonsvedtak.

Delegert fullmakt må utøvast innanfor dei til ei kvar tid gjeldande styringsdokument, lover, forskrifter, instruksjonar og budsjett.

Delegasjonsvedtaka kan til ei kvar tid endrast eller trekkjast tilbake.

NAV Aust-Agder og kommunane skal sørge for at det gis nødvendig opplæring for å handsame delegasjonen.

9. Tenester som inngår i NAV kontoret

Kontora har ansvaret for Arbeids- og velferdsetaten sine tenester i Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes og Iveland kommunar. Dette omfattar alle tenester som til ein kvar tid tilligg lokalt for Arbeids- og Velferdsetaten.

Utover ansvaret til kommunane for økonomisk stønad etter lov om sosiale tenester, råd og rettleiing og arbeidet med individuelle planar, skal kontoret òg dekkje følgjande tenester som ligg til sosialkontoret i kommunane:

- Rus
- Flyktningar

Det er mindre lokale forskjellar i kva kommunane legg inn i NAV kontoret. Om den einskilte kommune ønskjer å gjere endring i tenesteomfanget, skal det takast opp i partnerskapsmøte.

10. Samhandling med nærliggande kommunale og statlege tenester

Samarbeidspartane er samde om at samhandling med andre kommunale og statlege tenester enn dei som etter denne avtala inngår i NAV kontora, eventuelt blir regulert i eigne avtalar og rutinar.

11. Brukarmedverknad

For å betre tenestekvaliteten i det felles lokale kontoret og for å tilpasse tenestene til brukarane sine behov, skal kontoret ha følgjande samhandlingsformer med brukarane:

På individnivå: Brukaren skal medverke i avgjerdsprosessar og utforming av tenestetilbod som gjeld han sjølv, innanfor grensene til lov og forskrift. Brukaren skal vera ein aktiv deltakar i eigen prosess.

På systemnivå: Eit brukarutval felles i Setesdal der brukarane peiker ut representantar kan være med i planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak. Det lages ei møteplan.

Samhandlinga skal evaluerast i samarbeid med brukarrepresentantane minst ein gong i året.

12. Universell utforming

Samarbeidspartane skal sikre at krava til universell utforming blir ivaretekne, jf. lov om Arbeids- og velferdsforvaltinga § 13.

Ved anskaffing av nye lokale skal konkurransegrunnlaget/kravspesifikasjonen stille dei naudsynte krava til universell utforming. Brukarmedverknad er òg viktig i planlegging og utforming av kontoret for å sikre kvalitet og brukarvenlege bygningar og tenester.

13. Kompetanseutvikling

Det skal årleg utarbeidast ein felles kompetanseplan i samarbeid med organisasjonane som regulerer oppgåver og ansvar, under dette økonomisk ansvar for kompetanseutvikling.

Det er semje om at alle tilsette ved kontoret skal ha likeverdig tilgjenge til kompetanseutviklingstiltak.

14. Personvern/Informasjonstryggleik/Beredskap

Partane skal saman lage ei heilskaplig plan for sikkerheit, personvern, teieplikt, informasjonssikkerheit, datainstruks og beredskap ved NAV kontora, slik at begge partar oppfyller lovpålagte krav kvar for seg. I tillegg kjem dei krav partane blir samde om.

Tryggingarbeidet skal fylgje ei fastsett norm der ein legg eit sett av felles tryggingssnormer til grunn. Desse gjelder for alle medarbeidarane i kontora, uavhengig av om vedkomande er tilsett i stat eller kommune.

15. Informasjon/profil

Samarbeidspartane er samde om følgjande når det gjeld:

Brev: NAV Bykle, NAV Valle, NAV Bygland, NAV Evje og Hornnes og NAV Iveland sine vedtak vert skrivne på brevark med namnet NAV Setesdal øvst i brevet, og med sendarinformasjon, NAV stedsnavn, adresse, telefonnummer, telefaxnummer og mailadresse osv i bunnteksten.

Skilt: Kontora skal merkast på sin slik måte at omsynet til tydeleg kommunikasjon og identitet for kommunane og Arbeids- og velferdsetaten vert teken vare på. Kontora merkast med logo og stedsnavn.

Informasjonsstrategi: Samarbeidspartane vil samarbeide om ein felles informasjonsstrategi-

16. Drift

NAV Aust-Agder og kommunane svarer for sin del av dei felles driftsutgiftene i høve til talet på årsverk dei er representerte med i lokalkontora. I eiga avtale om drift regulerast faktureringspunkt og måtar. Særskilte tenester som ikkje blir dekte av denne avtala, blir avtalt og fakturert særskilt.

Punktet blir omtalt i eiga driftsavtale.

17. Prinsipp for tvisteløysing ved lokal usemje.

Samarbeidspartane er samde om å søkje å løyse alle konflikhtar om inngåing og fortolking av denne avtala gjennom forhandling lokalt. Skulle dette ikkje føre fram, vil tvisten løysast i samsvar med forskrift om nemndbasert tvisteløysing.

18. Revisjon

Avtala legg til rette for at Riksrevisjonen, Arbeids- og velferdsetaten sin internrevisjon og kommunen sin revisor kan utføre oppgåvene sine i høve til det felles lokalkontoret på ein tenleg måte.

Vi viser til forskrift om internrevisjon i Arbeids- og velferdsetaten og "Erklæring om samhandling i forbindelse med Riksrevisjonen og kommunens revisor kontroller ved NAV-kontorer i kommunene" frå KS, Norsk kommunerevisorforbund og Riksrevisjonen.

19. Avtaleperiode


Avtalen skal evaluerast og eventuell reviderast i løpet av juni 2010.

Kvar av partane kan med eit års skriftleg varsel si opp si deltaking i avtalen. Det skal forhandlast om dei økonomiske konsekvensar dette medfører.


Dersom det blir vedtatt ei omorganisering av NAV, har partane rett til å trø ut av samarbeidsavtalen etter 12 månaders varsel. Omorganiseringsvedtaket må være gjort av Stortinget, Departementet eller NAV (direktoratet) for å kunne nyttast som grunnlag for slik løysningsrett.


Avtala inngåas med atterhald om politisk godkjenning.
Samarbeidsavtalen er underteikna med eksemplar til alle parter.


Dato..13/10-08


Rådmann i Bykle


Rådmann i Valle


Rådmann i Bygland


Rådmann i Evje og Hornnes


Rådmann i Iveland


B. Urdal

Direktør NAV Aust-Agder

